

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

August 2024



Egil takkar av

Reisebrev frå Kenya

Ny glaskunst i Etne kyrkja

Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Marta Onstein

Leiar i Etne kyrkjelege fellestråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevje
kyrkjevevja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
53 77 11 71/47 25 35 29



Egil Larsen
Sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71



Opne kyrkjer laurdag før helgemesse

Allehelgensdag - helgemesse - har blitt ein viktig dag for mange menneske. Dagen er eit særskild høve til å minnst dei som har gått bort.

Difor er det mange som tenner lys for nokon dei saknar ute på kyrkjegarden når det er allehelgensdag.

Som i fjor vil kyrkjene difor vera opne laurdag før helgemesse 2. nov.

Det er høve til å koma inn i varmen og det gode rommet, tenna lys, sitja litt og vera i den trygge stilla med alle dei ulike kjenslene.

Om ønskeleg kan ein takka ja til ein kopp kakao, og kanskje slå av ein liten prat med dei som er der frå soknerådet.

Haustens påskedag

På hausten har me ein dag i kyrkjeåret som me kallar for haustens påskedag. Denne hausten er fortellinga om son til enkja i Nain, Luk.7. Jesus og dei som følgde med på vegen kom til byen Nain og blei der møtt av eit sørgjefølge. Ei enke hadde mista sin einaste son og folket i byen følgde henne og båra til grava. Då Jesus møtte følget fekk han inderleg omsorg for henne. Han gjekk bort og la handa på båra og sa desse utrulege orda : «Unge mann stå opp!» Og til alles store forundring sette han seg opp og begynte å tala.

Det er mange mange år mellom denne hendinga og vår tid. Det er så mange år at det er lett å stille spørsmål om dette verkeleg kan ha skjedd? For det er umogeleg at nokon kan stå opp frå døden. Ja, i vår verden og med vår forstand er det det. Seinare stod Jesus sjølv opp frå grava. Det var like umogeleg. Vitnesbyrdet frå dei som såg og opplevde Jesus lys levande er sterkt og overbevisande. Det var så sterkt at ingenting i

verden kunne stoppa vitnesbyrdet.

«Me kan ikkje la vær å tala om det me har sett og høyrte,» sa Peter då dei forsøkte å stoppe han frå å preika. Verken fengsel eller truslar kunne stoppa dei første kristne frå å vitna om Jesus. Kyrkja er grunnlagt på dette vitnesbyrdet frå alle dei som såg og høyrde.

Jesu oppstode er sjølv grunnlaget for trua vår. Og den ligg bak all forkynning og tru. Har ikkje Kristus stått opp, så er budskapen vår tom, og tom er og trua dykkar, skriv Paulus i Korinterbrevet. Men no er Kristus oppstått frå dei døde, skriv han vidare. Han understreker det som står bom fast og er udiskutabelt, nemlig at det er sant. Det er på dette grunnlaget me talar om Jesus. Vitnesbyrdet frå den tomme grava og vitnesbyrdet frå dei som møtte Jesus etter påskedag er for sterkt og truverdig til å la vær.

Egil Larsen

Temakveld med Ove Tvedt

Torsdag 19. september kl 19 arrangerer Skånevik sokneråd igjen temakveld på Skånevik fjordhotell. Foredragshaldar denne gong er kvinnheringen Ove Tvedt og temaet er «Frivilligheit».

Ove Tvedt er tidlegare lærar og altmoglegmann som betyr mykje for mange. Han har drive ungdomsarbeid i Kvinnherad i ei årrekke, noko han i 2023 mottok frivillighetsprisen frå Sunnhordland prosti for. I tillegg har han engasjert seg i opprusting av turhytter og postvegen.

Han er opptatt av godt samarbeid mellom det frivillige og kommune.

Han er og engasjert i hjelpearbeid utanfor landets grenser, og har samla inn mykje pengar til barneheimen MaMas Hopes Haven på Filippinene. Han har derfor ei brei erfaring til å snakka om temaet frivilligheit!


Tradisjonen tru vert det musikkinnslag og servert kveldsmat frå hotellet.

Billetter kjøper ein i døra. Velkomen!

Komplett med glaskunst i Etne kyrkje

Vakker glaskunst i kyrkerommet gjer det mogeleg å nærma seg den kristne trua med fleire sansar. Det er ikkje berre orda som kan vekkja og nærma trua. Med kunst i fire vakre smale vindaugo langs eine langveggen i Etne kyrkje kan folk i stolradene kvila blikket og la tankane fara. Det er sentrale hendingar i Jesu liv det handlar om. Betlehemsstjerna er med på ei rute av mørk nattehimmel. Men den lyser ikkje over barnet i krybba, men over barnet i mors liv. For biletkunstnar Per Odd Aarrestad på 84 år var det viktig å ha kvinnene med i glaskunsten. Maria var den unge kvinna som bar Guds son og gav han liv. Også i motivet om Jesu oppstode har kvinnene fått sin plass. Det var dei som var dei første vitna til at grava var tom, då soldatane som heldt vakt låg som døde.

Jesu liding og død er framstilt både med tornekransen og sigerskruna. Ein interessant detalj er at den raude livgjevande strålen som i dei andre bileta går frå himmelen og heilt ned til jorda, tek ei anna retning i dette biletet. Den gjer ein bøy, som ein halvsirkel og går ut til sida. Ein kan få tankar om at blodet som rann frå Jesu sår ikkje skulle renna nyttelaust til jorda, men gjera ei anna



gjerning langs sin veg.
Ut – til menneska.

Slik kan ein fundera og undra seg, når ein let blikket kvila i fargar og former. Her er stoff for mange gudstenester eller konsertar.

Det var ei glede å kunne feira den nye glaskunsten på første pinsedag. Kunstnar P. O. Aarrestad var med og fortalde om motiva og arbeidet med desse. Han hadde med sine to gode hjelparar, Egil Idsø og glasmeister Ole Richard Lauritsen som kom eins ærend frå Kristiansand for sjå verket ferdig montert.

Mange nytta høvet til å sjå kunsten og helsa på dei som hadde skapt den – og til å eta marsipankake som soknerådet spanderte.

Soknerådsleiar Marta Onstein fortel at det har kome gaver og tilsegn om gaver på ca kr 225 000 og soknerådet er svært takksame for dette. Kostnaden var kr 500 000 som soknerådet dekkjer av innsamla midlar, og det er framleis kjærkome med gaver. Det er høve til å gi ei gåve til glaskunsten ved

å vippsa til 830010 – Etne kyrkje innsamling.

*Kari Vik Stubaug
sokneprest*

To minneverdige dåpsdagar.



Foto: Privat.

Dåp er alltid fest i kyrkja. Til no i år er 25 døypte i kyrkjelydane våre, og nokre dåpsdagar blir minnerike av spesielle grunnar. Egil Larsen var prest i begge høve og fortel:

14. april blei syskena Aleksander, Anna Maria og Elisabeth Wiland døypte i Skånevik kyrkje. Det var deira eige ynskje, og dei tre ungdommane som no bur på Stord, ville gjerne døypast under gudstenesta i Skånevik der dei før budde. Dei har også ukrainske røter og eindel frå Ukraina var òg tilstades.

9. mai, Kristi Himmelfartsdag skulle Selma Othelie Eide Tvedt døypast i Gjerde kyrkje.

Like før gudstenesta viste det seg at det ikkje let seg gjera å få rullestol inn i kyrkja.

Det var oldemor til dåpsbarnet og den eldste i dåpsfylgje som sat i rullestol, og at ho kom var ei gledeleg overrasking for dåpsforeldra.

I tillegg til dette oppdaga organisten at orgellet ikkje virka.

Ein avgjorde då raskt å flytta gudstenesta til Etne kyrkje, der alle kom inn og Selma



Foto: Privat.

Othelie blei døypt til fin orgelmusikk. Eit stort dåpsfylgje var svært glade for den gode løysinga.

Trusopplærin

Babysong i Etne kyrkje

Annankvar onsdag frå kl 12 -14

Kyrkjerotter – 5 åringar i Skånevik og Etne

To samlingar i Skånevik kyrkje onsdag 21. og 28. august frå kl 17 -18.30

Teikneseriebibel til 10 åringar i Skånevik

Utdeling av teikneseriebibel på familiegudsteneste 8. september kl 11.

Minikonfirmantar – for 12 åringane i Etne og Skånevik

Ei samling fredag 27. september frå kl 17-20. Deltaking på misjonsgudsteneste søndag 29. september kl 11.

Krølletreff – 2 åringar i Etne

Ei samling i Etne kyrkje laurdag 26.oktober frå kl 14-15.

Miniskule og 4 årsbok i Etne

3 samlingar i Etne kyrkje og utdeling av 4 årsbok på familiegudsteneste søndag 27. oktober kl 11.

Krølletreff – 2 åringar i Skånevik

Ei samling i Skånevik kyrkje laurdag 16. november frå kl 14-15. Utdeling av bok på familiegudsteneste søndag 17. nov kl 11.

Bli kjent samling og 4 årsbok i Skånevik

Ei samling i Skånevik kyrkje laurdag 16. november frå kl 11-12.30. Utdeling av bok på familiegudsteneste søndag 17. november kl 11.

Julegåveverkstad for 9 åringane i Etne

To sløyd-samlingar på KM-verkstaden i november.

Lys vaken for 11 åringane i Skånevik og Etne

Samling i Skånevik kyrkje laurdag 30. november med overnatting i kyrkja. Familiegudsteneste søndag 1. desember kl 11.

Tripp Trapp Treff i Etne og Skånevik

Samlingar anna kvar tirsdag i Etne kyrkje frå 1. klasse, og anna kvar onsdag på bedehuset i Skånevik for alle barn.

KRIK

Samling anna kvar fredag i Etne kyrkje frå 7.klasse

Fredagsklubb

Samling anna kvar fredag i Etne kyrkje for 1. til 7. klasse og på bedehuset i Skånevik frå 5. til 7. klasse.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.

Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



g haust 2024

Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
– Kvifor er det så mørkt her?
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
Ho la berre kokte egg.

Vil du bli fast gjevar til barne og ungdomsarbeidet?

Barn og unge er ikkje berre framtida, dei er notida til kyrkja.

Kvar generasjon må bli kjend med Jesus og læra om trua dei er døypte til. Dette skjer heima med kveldsbøn og formidling av verdiar. Og det skjer i kyrkja. Kyrkja i Etne og Skånemark har to stillingar som spesielt jobbar med dette. Barne- og ungdomsarbeidar Elisabeth Vae Haaland gjer ein kjempejobb og er lønna av kyrkja lokalt i ein liten stilling finansiert av gåver. Me treng fleire faste givarar for å kunne halde fram med ein slik viktig stilling.

Vil du vera med og støtte dette viktige arbeidet? Ta kontakt med banken din og legg inn eit fast trekk for eksempel kr 250 pr måned til Barne- og ungdomsarbeid 3626.46.37958

Eller Vipps ei eingongsgåve til Etne sokn 112914 og merk med Barne- og ungdomsarbeid.

Gje barnebladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**

Egil takkar av

Vår gode sokneprest og medarbeidar Egil Larsen, eller «Skånevikspresten», går av med pensjon i haust, og i det høve har Kyrkjeposten hatt ein liten prat med han. Den rolege, lune og positive Egil er det godt å vera i nærleiken av, og han vil verta sakna i kyrkjelydane og blant folk, både tenesta hans, og berre som Egil. Det er med stor takksemd me ser tilbake på tenesta og åra som Egil har vore her. Gjennom gudstenester, andaktar og som god lyttar og medmenneske, har Egil vore til stor velsigning i kyrkjelydane og for den enkelte. Ein kontaktskapande og god kollega og blant frivillige er óg kjenneteikn som beskriv Egil. Godt likt anten det er blant dei eldre, eller dåpsfamiliar og i konfirmantarbeid. Arbeidet med dei unge har Egil hatt særskilt stor glede av.

Egil har oppnådd pensjonsalder godt og vel, men har sjølv tidlegare hatt i tankane at han gjerne kunne tenkja seg å forsetja vidare ei tid. Tanken på meir frihet, og det å ikkje ha fast teneste, har blitt meir freistande etter kvart. Lang reiseveg til og frå heimen i Trovåg i Vikebygd, mens familien bur i annan retning, medverka også til avgjerda om å pensjonera seg. Familien er veldig viktig for Egil, og han er veldig takknemleg og glad for barn og barnebarn, og han gler seg over tanken på meir tid saman med dei.

Egil vaks opp i Stavanger, og til liks med sin far, som var frå ein fiskarfamilie lenger sør i Rogaland, vart han tidleg interessert i å fiske. Men kallet til å bli menneskefiskar, vaks seg endå større etter kvart, og han tok teologiutdanning på Misjonshøgskulen. Eit kall om, og eit virke for misjonen stod heilt klart fram som vegen vidare for Egil, og

han hadde ein lengre periode i teneste for Misjonsselskapet. Seinare vart han sokneprest i Odda. Underteikna har sjølv gode minne frå fyrste møte med Egil, under eit opphald på Utsikten på Seljestad, der me var så heldige å få besøk av presten i Odda, som hadde bibeltime for ein ungdomsgjeng.

Etterkvart vart det teneste som sokneprest på Stord, og som prostiprest i Sunnhordaland, og det var her at Egil etter kvart vart kopla opp mot tenesta i Skånevik og Etne. Det har vore ei fin tid her i kommunen vår, og på spørsmål om noko som har utmerka seg positivt, er det den store viljen til frivillig innsats i kyrkjelydane våre, og som er ein stor styrke. Det har vore flott å få arbeida saman og fått ting til i lag, og frivilligheten er like stor anten det er i Skånevik, i Fjæra eller Etne. Han tek fram den flotte og godt besøkte gudstenesta som var «på låven» på Rullestad hjå Ingebjørg og Per i juli, som eit godt døme på dette.

I all sitt virke og si teneste har Egil hatt eit sterkt ynskje, og nød, for å formidla Jesus Kristus, og det store evangeliet om Guds nåde og frelse. Dette ligg som eit grunnlag for alt kyrkja held på med, og gjer tenesta verdifull.

Egil håpar at han i hans teneste har fått medverka til at menneske, etter å ha delteke i noko i kyrkja eller i kyrkjelyden sitt arbeid, har forstått meir om kva tru er, blitt sterkare i trua, elle fått eit glimt av kva det er å tru på Jesus.

Som allereie nevnt og mange kjenner til, er Egil på fritida veldig glad i jakt og fiske, og har alltid hatt stor glede av dette. Det å få hausta av naturen og gjera det om til god



Frå Skånevik sokneråd sitt besøk i bagestua hjå Egil i Trovåg.

Foto Kari Johansson


mat som han gjerne deler med familie og venner i gode måltider rundt bordet. Haust er det same som hjortejakt for Egil, og han er med åra blitt ein erfaren og flink jeger. Han har og etter kvart utvida kunnskapen om å foredla kjøt og vilt, og har utvikla sine eigne pølseprodukt, både middagspølse og spekepølse av hjort. Kyrkjeposten sine leserane treng nok ikkje bekymra seg for kva Egil skal fylla

pensjonisttida med, og han tek også meir enn gjerne imot besøk i heimen i Trovåg, der du heilt sikkert får ein smaksprøve av viltprodukt, og ein god prat!!

Me ynskjer lukke til med ny tilværelse, takkar for laget så langt, og vonar at dagane blir gode som pensjonist.

Steinar Frønsdal

*Filip og eit
kjekt kjæledyr.*



Elefantar i nasjonalparken i Tsavo.



Fam. Strømme stivpynta og klare for 17. mai i Afrika.

Reisebrev frå familien (L)

Familien (Lygre) Strømme bur og arbeidar for tida i Kenya, på NLM si tomt i Nairobi. Livet vårt i Kenya er veldig ulik livet i Noreg: Me har hushjelp (og sysselset dermed ei kjekk dame som elles ikkje hadde fått jobb!), me køyrer på venstre side av vegen, ungane går i shorts stort sett kvar dag, maten er annleis, me har 10 min køyretur før me er i Nasjonalparken dersom me vil sjå løver, me bur på 1800 moh, det blir mørkt rundt kl 19.00 heile året, me må hugsa å lukka dørene til huset slik at apekattane ikkje kjem inn og det er heilt vanleg å fanga gekkoar på ettermiddagstid.

Mamma Margunn er lærar og arbeidar på Norwegian Community School, forkorta NCS. Det er Misjonssambandet som eig og driv skulen. Skulen føl norsk læreplan og timetal. Tidlegare

var det stort sett barn av norske misjonærar som gjekk på skulen, men no er det ei samansett elevgruppe med elevar med mor eller far frå Noreg og den andre forelderen frå Kenya, elevar med bakgrunn frå Etiopia, Somalia, Uganda og sjølvstapt frå Noreg. No er elevflokkjen på skulen ein fin gjeng på 40 elevar. Skulen er fullteikna, og det er fleire elevar på ventelista. Pappa Egil arbeidar som assistent på skulen.

Jobben som lærar på NCS er som andre lærarjobbar; å driva god undervisning og byggja gode relasjonar. Sidan me er ein såpass liten skule, har me gode moglegheiter for mange utflukter og arrangement. Høgdepunktet for våre egne ungar dette skuleåret var leirskule med heile skulen (og foreldre) til kysten av



*Løve i
Masai Mara.*



*Heile skulen klar for Knirken-løpet (5 km løp som
skulen arrangerer kvar vår).*

Lygre) Strømme i Kenya

Kenya på «all inclusive» hotell ei lita veke. Då var det symjing som stod i fokus heile veka. Det er også enkelt å ha aktivitetar og undervisning ute då veret som regel er på vår side. I løpet av eit skuleår har me ganske mange arrangement der foreldra/familien er invitert, td idrettsdag, innsamlingsdag, jul- og sommar-avslutning, løp osv. Vårt mål er å vera gode vitne for Jesus gjennom handlingane våre som gode rollemodellar i livet til elevane våre.

Me har i løpet av året sett mange spanande dyr, som td. løve, sjiraff, flodhest, sebra, elefant osv. Me har fått reist litt og besøkt både Masai-landsby, vore på vulkanfjell, vore på båttur på flodhest-innsjø, vitja barneheimar og ulike slum-område, vore i ulike kyrkjer, vore sydenturistar på kysten av Kenya og vore på safari.

Dei vaksne har slite seg gjennom swahili-timar (med mellom anna 2 vekers intensivt kurs i Tanzania). Tvillingane Samuel og Jonatan (10 år) har 1 time swahili-undervisning kvar fredag, medan minstemann Filip (5 år) lærer mest engelsk av hushjelpa. Me er alle glade for at dei aller fleste i Kenya snakkar godt engelsk.

Innimellom alt det spanande Afrika byr på, har me heilt vanlege kvardagar med komle til middag, lekser i full fres for å rekkja fotballtrening, og bibelgruppe for dei vaksne på kvelden. Me er heldige som bur på eit område med fleire norske familiar, så både store og små har gode vener i hinke-avstand frå vårt eige hus. No gler me oss over å vera i gong med eit nytt skuleår på ein stad der me kjenner oss heime og der ikkje alt lenger er heilt nytt! Hakuna matata

Sunnhordlandskyrkja sitt smilande

Avskjedsintervju med prost Svein Arne Theodorsen.

Smilande som alltid stig han ut av bilen til interju på Molnes. I den augneblenken var overskrifta på plass.

No skal den blide sørlendingen bli pensjonist.

Fødd i Farsund, men berre 7 dagar gammal gjekk turen i far sin fiskebåt til heimen på Langøy i skjærgarden utafor byen, til det vesle kyst- og fiskarsamfunnet med 11 små gardar – tilhøyrande Spind kyrkje, der han blei døypt i august 1955. I tilbakeblikk ser han at den vesle øya der har prega livet hans, men også trua.


Bakgrunnen for det siste er spesiell. Mi trushistorie startar i 1934, seier 69-åringen.

Bestefar Theis og den 10 år gamle Hans Jakob gjekk i hard austavind ut for å dra og setja hummarteiner. Ingen av dei kom tilbake.

Det var ikkje heilt uvanleg – i mest kvart hus var der nokon som ikkje hadde kome att frå sjøen.

Ei tid etter dette kom ein kvinneleg predikant for Santalmisjonen til øya og tok inn hos bestemor som sat att med 7 små born. Ho ba, dei samtala og ho ville koma att til hausten. Då skal du starta ei jenteforeing, hadde ho sagt.

Det hende, og i 1935 heldt dei den basaren



som har halde fram mest årleg fram til denne dag.

Det åndelege livet og misjonsmiljøet som vaks fram frå tragedien, kom seinare til å forma den unge Svein Arne. Misjon og kristenliv blei noko sentralt og viktig som tidleg sette han på den kursen han har fylgt fram til i dag.

Då han blei 7, var skulen på Langøy borte, og familien flytte til Farsund samstundes som dei heldt fast på heimen der ute,

kor far framleis var fiskar. Inne i byen fekk Svein Arne heile skuletida si. Ikkje minst betydde det kristne skulelaget for realskule og gymnas mykje. Alt då sto han fram som ein leiar. Som 17-åring byrja han å preika. Oppstarten som student ved Menighetsfakultetet blei litt forsinka sidan han skulle preika i Farsund kyrkje før turen til hovudstaden.

Ein grundig gjennomgang av prostens sin CV ville sprengja sidetalsrammene i eit lite kyrkjeblad.

Men la oss då for all del ikkje gløyma heimebanen, at han i 1980 gifte seg med teologkollega Britt frå Oslo som i mange år har leia lærarutdanninga på Stord og no bur saman med han i Dåfjorden på vestsida av øya.

Litt CV må likevel til på dørstokken til pensjonisttida:

Stipendiat i relegionspedagogikk ved MF –

andlet.

Ordinert prest i Farsund 1983 - Studentprest på Sørlandet – lærar ved Gå Ut-senteret i Hurdal – Forlagsjef i Credo forlag – Rektor ved Bibel- og Evangeliseringssenter Hald der han m a saman med studentane fekk ansvaret for oppbygginga av kristent studentarbeid i Baltikum – Stiftsdirektør i Agder bispedøme. Mellom anna!

Så ringde biskop Ole Hagesæther i 2001, melde at prostestillinga i Sunnhordland var ledig og ynskte gjerne ein søknad. Etter familieråd blei den posta, og sidan har Svein Arne og Britt vore Stordabuar og Sunnhordlendingar.

Korleis var det for ein mild sørlending å koma til det litt røffare Vestlandet?

Det gler oss sjølvsagt å høyra at dei frå fyrste dag har funne seg til rette her. Dei ti åra dei fyrst tenkte på, har blitt til meir enn det doble. Og me veit han meiner det når han nemner Etne, Skånevik og Åkrafjorden som sær gode stader å koma til.

Ofte har han teke turen i alminnelege og særlege høve.

Dei særlege er t d 100-årsjubileet for kapellet i Fjæra, grunnsteinsnedlegging og vigsling av den nye Etnekyrkja og vigslinga av kyrkjegarden i Skånevik.

Svein Arne nemner ei særleg glede ved skiftet frå ei administrativ stilling til prosteteneste i Sunnhordland. Her fekk han igjen bli forkynnar. Det har alltid vore djupt knytta til presteidentiteten hans.

Ei nyskaping i prostiet er nyårsmottakinga fyrst i januar, ein møteplass mellom kyrkje, politikarar og næringsliv i Nysæter kyrkje. Ideen tok han med seg frå tida som stiftsdirektør i Agder. Kyrkja si samfunnsbyggjande rolle ligg prosten sterkt på hjarta. Kyrkja er ingen sektor men høyrer med i den vide samfunnssamanhangen.

Etter kommunevalet kvart fjerde år har han dessutan bydd alle dei nye ordførarane inn

til middag i prestegarden. Denne relasjonsbyggjinga har vore gjevande.

Frivillig arbeid er og ei hjartesak og utdelinga av frivilligprisen ved nyårsmottakinga markerar det.

På tampen av tenesta kom så leiarrolla i komiteen for 1000-årsjubileet for kristenretten på Moster no i sommar. Svein Arne kunne nytt pensjonisttida for dette, men biskop Halvor sa: Du kan ikkje slutta før du har gjennomført 1000-årsjubileet for kristenretten. No er den store oppgåva vel i hamn, og prosten kan velfortent leggja årane inn.

Avskjedsgudstenesta er 20. oktober kl. 17 i Stord kyrkje. Merk datoen og kom gjerne dit.

Ein annan viktig dato på tampen er prostidagen i Sveio 12. september i samband med bispevisitasen der.

Me spør om framtidsplanar, og forstår at årane ikkje heilt skal inn. November og desember går med til presteteneste i Finnmark – Lebesby, Gamvik og Kjøllefjord. Og over nyttår mønstrar prosten på som mannskap i Lofotfisket. Han er jo av fiskarrett. No skal han ei tid bli skikkeleg fiskar.

Men Sunnhordlendingar blir de?

Absolutt, men det blir nok eit delt liv mellom heimen i Dåfjorden og hytta på Langøy der heile storfamilien samlast. Der blir me sommarstid og til uti hummarfisket. Endeleg blir det skikkeleg tid for prosten, son av hummarfiskaren, til å jakta på havets kardinal.

Me ynskjer lukka til med alt!

Harald Grønnevik

Takk til våre annonsører!

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



**LUNDENESET VGS**
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell studiekompetanse



 Misjonssambandet skoler



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ønsker din bedrift å teikna
annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!



*Randi Matre deler ut aktivitetshefte til 7-åringane.
Foto Hilde Synnøve J Harboe*

Skaparverkets dag på Frette

26. mai var mange samla til skaparverkets dag på Frette. Dei som gjekk i 1.klasse var særskild invitert, og fekk utdelt aktivitetshefte. Etter gudstenesta var det varme grillar, og sporløp, og drøsen gjekk godt.



Fullt hus til gudsteneste i løa på Rullestad.

Rullestad

21. juli var det gudsteneste på Rullestad i løa til Ingebjørg og Per.

Dette begynnar å bli ein tradisjon, og denne gongen var det nær 70 stk. som møtte opp. Det vart ei fin gudsteneste, ved sokneprest Egil Larsen. Etter gudstenesta var det god kyrkjekaffi og drøs.

EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44

MØBELRINGEN

Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustadraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprossar

Vigor
BYGG



Systemhus
Prisfastsett ved lov 1987



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Kyrkjegardsarbeidaren frå Ukraina

Oleksandr Zavialov (33) er flyktning frå Ukraina. Han er utdanna sveisar, men no har han i nokre månader vore kyrkjegardsarbeidar i Etne. Det er Oleksandr som for det meste har slått graset og halde det fint på gravplassane i Etne-bygda gjennom sommaren. Då me slo av ein prat med han ved Stødlekyrkja skrapte han laus gamal måling frå veggene ved inngangspartiet på kyrkje, og skulle måla innimellom dei andre gjeremåla.

Det var gjennom vaksenopplæringa den nye Etneborgaren fekk høyra at det var ein ledig mellombels jobb i kyrkja. Oleksandr kom saman med kona og mora si til Etne tidleg i fjor. Området der dei budde om lag 60 kilometer frå Krim er no okkupert av Russland. Oleksandr har lite tru på at Russland i framtida vil gje i frå seg denne delen av Ukraina.

I Etne har me det trygt og godt, og målet mitt er å få fast jobb som sveisar enten på Westcon i Ølensvåg eller i ei anna verksemd, seier Oleksandr, som ikkje ser noko framtid i å reisa tilbake til Ukraina. Han gjer alt han kan for å lære seg norsk, mellom anna ved å spela fotball i lag med nordmenn. Språkkafeen er også ein god plass å lære seg norsk på. Kona Alina har fått seg jobb ved Fatland Ølen.

Landskapet Oleksandr kom frå i Ukraina er flatt, men han seier han trivst godt her med fjell og fjord. Å fiska i fjorden er ein av hobbyane i tillegg til turgåing. Det var eit varmare klima i Ukraina, og den nye etnebuen innrømmer at han ikkje er



så veldig glad i masse regn. Men klaga vil han ikkje.

Etne er ein fin plass å bu i, med fin natur og kjekke folk, sluttar den smilande kyrkjegardsarbeidaren.

Alf Østrem



Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

Konfirmantane 2024



Etne Konfirmantar 2024

Foto: Rolf Øyjord

Første rad framme frå venstre: Anne Kostveit Hardeland, Guro Kostveit Hardeland, Inger Sofie Håland, Andrea Sofie Forseth Jacobsen, Hanna Lovra Viskjer, Lilly Øren, Eline Ekmorud, Lilja Madelen Heggelund, Hannab Vevatne, Johanna Gundegjerde Savareid. Andre rad frå venstre: Lucas Elander Espenes, Knut Holter Vae, Sondre Børretzen, Elias Skålerud, Johanne Lohaugen, Johanne Grindheim, Liv Sophie Queiroz-Fosse, Leah Emilie Halsnes, Maria Søhberg, Magnus Haugen, sokneprest Kari Vik Stubaug. Tredje rad frå venstre: Didrik Kvammen Haugen, Nikolai Tendal, Alfred Natterøy-Savareid, Orvar Momb Hammersland, Bjørnar Tungesvik Matre, Dennis Mønstre Kringle-botten, Peder Rygg Haugen, David Jonas, Daniel Savareid.



Skånevik Konfirmantar 2024

Foto: Rolf Øyjord

Første rad framme frå venstre: Eliam Aarland Arefjord, Kamilla Tveiten, Emilija Žvirblyte, Malin Johansen, Hogne Hereide Nedreskår, Tage Johannes Eljervik. Andre rad frå venstre: Sokneprest Egil Larsen, Mathias Opheim Rognøy, Oskar Wojtkowski, Simen Mortvedt Karstensen, Torbjørn Holmedal Åsheim, Caspar Olseth Bull-Tornøe, Filip Szykalarz.

Livets gang

ETNE

Døyppte:

- 17.03 *Thea Ebne Ekornrud*
07.04 *Ine Kaldheim*
09.05 *Selma Othelie Eide Tvedt*
16.06 *Evander Gundegjerde Lunde*
16.06 *Falk Øvrevik*
16.06 *Henny Aspmo Birkenes*
23.06 *Matheo Sardon Håheim*
23.06 *Ingrid Klungland Littlehamar*
14.07 *Ella Vaa*
14.07 *Eline Åsheim Grindheim*
14.07 *Rakel Grindheim*
18.08 *Johannes Samland*
18.08 *Herman Litlabø Jordal*
18.08 *Tomine Sævareid*

Gravlagde/bisette:

- 04.04 *Edith Ragnhild Moe*
12.04 *Jakob Gjerde*
12.04 *Bernhard Haaland*
16.04 *Lars Sævereide Steine*
14.05 *Jens Kristian Jensen*
04.06 *Marie Skumsnes*
20.06 *Thorbjørn Olav Ihle*
10.07 *Nikolai Fitje*

Prestetenesta i Skånevik og Etne

Søndag 8. september er det avskjedsgudstenesta i Skånevik kyrkje for sokneprest Egil Larsen. Etter gudstenesta inviterer soknerådet til ei samling i Skånevik bedehus der det vert høve til å seie takk til Egil som no vert pensjonist.

Rekruttering av ny sokneprest?

Det er Bjørgvin bispedømeråd som avgjer utlysing og tilsetting av ny sokneprest. Rådet arbeidar for tida med ei nedskjering av talet på prestar i bispedømet, og ser då og på volumet på prestetenesta i Sunnhordland prosti. Avgjersla er ikkje endeleg teken, men det kan bli ein reduksjon frå to pretestillingar til ein og ei halv stilling i Etne og Skånevik sokn.

Plan for prestetenesta vidare

Vi er takksame for tenesta til Kari Vik Stuhaug. Kari held fram som sokneprest i Etne, ho vil og vidare gjera teneste i Skånevik sokn.

Kari vil gå inn i nokre oppgåver i Skånevik sokn, men ein vil skjønna at ho ikkje kan dekkja alle oppgåvene. Ein arbeidar med ulike løysingar:

Konfirmantarbeidet

I september og oktober vil prost Svein Arne Theodorsen ha samlingar og undervisning for konfirmantane i Skånevik. I samarbeid med m.a. sokneråd arbeidar ein med å finna gode løysingar vidare.

Gudstenester og gravferd

Vi legg opp til å ha gudstenester i tråd med gudstenesteforordninga og utføre dei oppgåvene som ligg til prestane si teneste, men det

kan og bli t.d. færre andaktar ved institusjonar. Bjørgvin bispedømeråd har tilsett Øyvind Heggland, Stord, i ei 60 % - stilling som prostiprest i Sunnhordland prosti til og med 28.02.25. Han vil gjera presteteneste m.a. i Skånevik og Etne. Vi er og takksame for at pensjonert prest Harald Grønnevik har sagt seg villig til å gjera enkelttenester. Nokre tenester kan og bli ved andre prestar i prostiet.

*Svein Arne Theodorsen,
prost i Sunnhordland prosti*

Kyrkjeporten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258

vipps



Kyrkjeporten
#808258

Livets gang

SKÅNEVIK

Døypete:

- 24.03 Hanna Ebne Innvær
14.04 Elisabeth Edvardivna Wiland
14.04 Anna Maria Edvardivna Wiland
14.04 Aleksander Edvardovich Wiland
11.08 Karina Kjellesvik Sandvold


Vigde:

- 08.06 Stine Sandvold og Håvard Østrem
13.07 Selena Mariah Jakobsen og Erlend Strand
03.08 Åse Hjelmervik og Øyvind Eljervik
10.08 Mari Melkeraaen Lundal og Kristian Rosten Ohma

Gravlagde/bisette:

- 13.03 Borghild Rullestad
15.03 Fritz Nordskog
26.03 Johannes Slåke
02.05 Ole Ludolf Åsheim
16.05 Synnøve Lundal
07.06 Harald Ivar Miljeteig
11.06 Bjørg Astrid Sævareid
09.07 Hallvard Forthun
12.07 Hanna Kaspara Ebne

Gudstenestekalender



01.09	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
08.09	11:00	Skånevik kyrkje	Gudstjeneste	Egil Larsen
15.09	11:00	Gjerde kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
22.09	17:00	Skånevik kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
22.09	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
29.09	11:00	Grindheim kyrkje	Familiegudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
06.10	11:00	Fjæra kapell	Familiegudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
13.10	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
20.10	11:00	Skånevik kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
27.10	11:00	Etne kyrkje	Familiegudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
03.11	11:00	Etne kyrkje	Helgemesse	Kari Vik Stuhaug
03.11	17:00	Skånevik kyrkje	Helgemesse	
10.11	11:00	Frette kapell	Gudstjeneste	Harald Grønnevik
17.11	11:00	Skånevik kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
17.11	19:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
24.11	11:00	Etne kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
01.12	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
08.12	11:00	Etne kyrkje	Familiegudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
11.12		Etne kyrkje	Lysmesse	Kari Vik Stuhaug
15.12	11:00	Ebne bedehus	Gudstjeneste	Harald Grønnevik
24.12	13:00	Frette kapell	Julekveldsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
24.12	13:30	Fjæra kapell	Julekveldsgudstjeneste	Harald Grønnevik
24.12	14:30	Etne kyrkje	Julekveldsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
24.12	16:00	Skånevik kyrkje	Julekveldsgudstjeneste	Harald Grønnevik
24.12	16:00	Etne kyrkje	Julekveldsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
25.12	11:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
25.12	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudstjeneste	Harald Grønnevik
31.12	17:00	Skånevik kyrkje	Nyttårsaftan	Øyvind Heggland

Endringar kan koma, følg med i Grannar.



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!